



Det kongelige helse- og omsorgsdepartement
pb. 8011 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 14/119-3
Journalpostid: 14/1797

Saksh: Gunnhild Sandvin
Telefon: 53 67 35 27

Arkivkode Dato:
K2-G21 11.04.2014

Melding om vedtak - reservasjonsordning for fastlegar

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

KST-019/14 Vedtak:

Kommunestyret i Eidfjord kommune støttar ikkje ei endring i Fastlegeforskriften som gjev lege høve til å reservera seg i abortsaker. Kommunestyret meiner prinsippet om lik rett til helsehjelp for alle må vega tyngre enn omsynet til ei yrkesgruppe sin samvitsfridom og at ei reservasjonsordning vil gi abortsøkjande kvinner ei urimeleg ulempe /tilleggsbelastning.

Eidfjord kommune meiner det skal vere lik lovgiving i heile landet, og dette skal avgjerast i Stortinget og ikkje i den enkelte kommune.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune


Gunnhild Sandvin
møtesekretær

Kopi til arkiv og kopibok

**EIDFJORD KOMMUNE**

Arkiv: K2-G21
Arkivsak ID: 14/119 - 2
Journalpost ID: 14/749
Saksh.: Unni Solem
Dato: 19.02.2014

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksh.
Eidfjord formannskap	03.03.2014	026/14	SOLUNN
Eidfjord kommunestyre	31.03.2014	019/14	SOLUNN

Offentleg:

Høyring- Reservasjonsordning for fastlegar

Dokument i saka:

Nr	Dok.dato	Avs./Mot.	Tittel
1 I	21.01.2014	Det kongelige helse- og omsorgsdepartement	Reservasjonsordning for fastlegar - høyring

Vedlagt:

Særutskrift skal sendast til: Helse- og omsorgsdepartementet

Endeleg avgjerd i: Eidfjord kommunestyre

Rådmannen sitt framlegg til uttale:

Kommunestyret i Eidfjord kommune støttar ikkje ei endring i Fastlegeforskriften som gjev lege høve til å reservera seg i abortsaker. Heradsstyret meiner prinsippet om lik rett til helsehjelp for alle må vega tyngre enn omsynet til ei yrkesgruppe sin samvitsfridom og at ei reservasjonsordning vil gi abortsøkjande kvinner ei urimeleg ulempe /tilleggsbelastning.

03.03.2014 Eidfjord formannskap

Handsaming:

Ordførar sette fram slikt tillegg til vedtak:

Eidfjord kommune meiner det skal vere lik lovgiving i heile landet, og dette skal avgjerast i Stortinget og ikkje i den enkelte kommune.



Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326
www.eidfjord.kommune.no

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no

Røysting:
Samrøystes tilrådd med endring.

FSK-026/14 Vedtak:

Kommunestyret i Eidfjord kommune støttar ikkje ei endring i Fastlegeforskriften som gjev lege høve til å reservera seg i abortsaker. Heradsstyret meiner prinsippet om lik rett til helsehjelp for alle må vega tyngre enn omsynet til ei yrkesgruppe sin samvitsfridom og at ei reservasjonsordning vil gi abortsøkjande kvinner ei urimeleg ulempe /tilleggsbelastning. Eidfjord kommune meiner det skal vere lik lovgiving i heile landet, og dette skal avgjerast i Stortinget og ikkje i den enkelte kommune.

31.03.2014 Eidfjord kommunestyre

Handsaming:

Røysting:
Samrøystes vedteke

KST-019/14 Vedtak:

Kommunestyret i Eidfjord kommune støttar ikkje ei endring i Fastlegeforskriften som gjev lege høve til å reservera seg i abortsaker. Kommunestyret meiner prinsippet om lik rett til helsehjelp for alle må vega tyngre enn omsynet til ei yrkesgruppe sin samvitsfridom og at ei reservasjonsordning vil gi abortsøkjande kvinner ei urimeleg ulempe /tilleggsbelastning. Eidfjord kommune meiner det skal vere lik lovgiving i heile landet, og dette skal avgjerast i Stortinget og ikkje i den enkelte kommune.

Saka gjeld:

Departementet gjer framlegg om at kommunar kan inngå avtale om reservasjon med fastlege som av samvitsgrunnar ikkje ønsker å tilvisa kvinner for abortinngrep. Det er framlegg om endring i følgjande lov og forskrift: Små endringar i Helse- og omsorgstenestelova og Pasient- og brukarrettighetslova for heimlar forskriftsendring i Fastlegeforskrifta. Det er inga endring i Abortlova. Dei konkrete endringane står i pkt 8 i høyringsnotatet og gjeld altså i hovudsak Fastlegeforskrifta:

Kapittel 5 Reservasjon av samvittighetsgrunner

Ny § 24 a skal lyde: § 24 a Avtale om reservasjon mot å henvise til abort

Kommunen og fastlegen kan avtale at fastlegen av samvittighetsgrunner reserverer seg mot å henvise til abort. Kommunen skal sende kopi av avtalen til fylkesmannen.

Med henvisning til abort menes i denne sammenheng alle handlinger som inngår i prosessen fra å motta en kvinnes spørsmål eller begjæring om abort, jf. abortloven § 5, tilby og eventuelt gi kvinnen informasjon og veiledning om hva samfunnet kan tilby henne av bistand, jf. abortloven § 2, gi informasjon om inngrepets art og medisinske virkninger, jf. abortloven § 5 andre ledd, fastsette svangerskapets varighet og sende henvisning og begjæring om abort til sykehuset, jf. abortloven §§ 6 og 7.

Kommunen kan bare inngå avtale om reservasjon dersom kvinnene på legens liste vil få tilbud om henvisning til abort på annen måte, uten urimelig ulempe. Før avtale om reservasjon kan inngås, må fastlegen legge frem en skriftlig avtale med en annen fastlege i nærheten om at han eller hun forplikter seg til å henvise legens listeinnbyggere til abort.



Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326
www.eidfjord.kommune.no

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no

Reglene i bestemmelsen her og i §§ 24 b til 24 g gjelder også fastleger med fellesliste, jf. § 11.

*Ny § 24 b skal lyde: § 24 b Kommunens ansvar for tilgang til fastleger som ikke har reservert seg
Kommunen skal sørge for at det er tilstrekkelig tilgang til fastleger i kommunen slik at kvinner kan få oppfylt sin rett til å skifte fastlege etter forskrift om pasient- og brukerrettigheter i fastlegeordningen § 6 andre ledd.*

*Ny § 24 c skal lyde: § 24 c Fastlegens ansvar for informasjon om reservasjonen til sine pasienter
Fastlegen skal informere alle pasientene på sin liste om at han eller hun reserverer seg mot å henvise til abort umiddelbart etter at avtale om reservasjon er inngått.*

Ny § 24 d skal lyde: § 24 d Tilbud om konsultasjon hos en annen fastlege

Fastlegen skal sørge for at kvinner som står på hans eller hennes liste som vurderer eller ønsker henvisning til abort, får tilbud om konsultasjon hos en annen fastlege i nærheten senest neste virkedag. Fastlegen skal også informere kvinnene om at begjæring om abort kan settes frem direkte overfor sykehuset uten henvisning, jf. forskrift 15. juni 2001 nr. 635 om svangerskapsavbrudd § 1.

Ny § 24 e skal lyde: § 24 e Kommunens ansvar for informasjon

Kommunen skal sørge for at innbyggerne i kommunen får informasjon om hvilke leger som reserverer seg mot å henvise til abort.

Ny § 24 f skal lyde: § 24 f Prioritering av pasienter fra lege som har reservert seg

En fastlege som har inngått avtale om å henvise til abort kvinner som står på liste til en lege som har reservert seg, skal tilby kvinnene konsultasjon for henvisning til abort senest innen neste virkedag, jf. § 24 d.

Ny § 24 g skal lyde: § 24 g Avslutning av avtale om reservasjon av samvittighetsgrunner

Kommunen kan si opp en avtale om reservasjon mot å henvise til abort dersom;

- fastlegen ikke overholder sine plikter etter §§ 24 c og 24 d,*
- avtale med annen fastlege etter § 24 a tredje ledd faller bort eller*
- det ikke er tilstrekkelig tilgang til fastleger i kommunen til at kvinner kan få oppfylt sin rett til å skifte fastlege etter forskrift om pasient- og brukerrettigheter i fastlegeordningen § 6 andre ledd.*

Departementet si grunngeving for endringsframlegget:

Abortlova §17 gir arbeidsgjevar (sjukehus) høve til å spørja om legens sitt syn

«Helsepersonell som søker stilling ved en avdeling der det utføres aborter skal på anmodning oppgi om de ønsker å reservere seg.»

Men abortlova har ikkje opna for ein slik reservasjon for anna helsepersonell enn dei som deltek i inngrepet. Det har likevel vore ein uoffisiell praksis i mange år det nokre få legar har reservert seg i abortsaker. Jfr helsetilsynet sitt rundskriv frå 1995:

”Kommunene har plikt til å yte nødvendig helsehjelp etter kommunehelsetjenesteloven. I små kommuner hvor det er få leger vil det lett medføre uakseptable belastninger for de kvinner det gjelder, dersom det aksepteres at legene tar forbehold mot å yte visse typer helsehjelp. Vi vil understreke at kommunene bør ta hensyn til dette ved ansettelser, slik at de ikke kommer i en situasjon hvor helsetilbudet i kommunen blir utilfredsstillende. Vi ber fylkeslegene orientere kommunene om dette slik at det ved nyansettelser i kommunehelsetjenesten blir tatt hensyn til at de omtalte tjenestene kan tilbys.”

Endringsframlegget no er for å få ein praksis inn i ordna former, for å ivareta rettstryggleiken både for pasient og lege. Høyringsnotatet legg opp til vekting av ulike omsyn mot kvarandre. Gjeldande rett slår klart fast på den eine sida kvinna sin rett til sjølvbestemt abort og til helsehjelp, omsorg og rettleiing i ein slik situasjon. Gjeldande rett slår på den andre sida fast samvitsfridomen til alle, også i arbeidssamanheng. Ingen skal diskriminerast med bakgrunn i rase, kjønn el religiøs tilknytning. Utfordringa vert å vega desse omsyn mot kvarandre og om mogleg ivareta dei begge.

«Den europeiske menneskeretts-domstolen har imidlertid i en dom av 15. januar 2013 lagt til grunn at muligheten for å bytte arbeid ikke automatisk beskytter religionsfriheten. Denne muligheten skal heller tas med som et av flere momenter i vurderingen av om en eventuell begrensning i religionsfriheten er forholdsmessig (EMDN-2010-48420).»

«Det følger av dette at staten kan gi fastleger en reservasjonsmulighet, men at helsetjenestene skal tilbys på en måte som ikke virker diskriminerende overfor bestemte grupper som kvinner eller homofile»(avslutning av pkt 4.1.1)

«Departementet mener det er verdifullt for samfunnet at fastleger har høy etisk bevissthet og reflekterer over etiske spørsmål. Samfunnet er tjent med at det er rom for ulike overbevisninger og at fastleger ikke føler seg tvunget til å handle i strid med sin samvittighet. Formålet bak retten til tanke-, samvittighets- og religionsfrihet etter menneskerettighetsloven og EMK artikkel 9 bør støttes opp under.

Samtidig er det viktig at samvittighetsfriheten og utøvelsen av den ikke påfører pasientene en uforholdsmessig belastning eller ulempe. Den klare hovedregelen bør være at pasienter kan regne med å få tilbud om alle de allmennlegetjenester som de har behov for hos sin faste lege.»

«.. Departementet mener fastleger bør ha adgang til å reservere seg, men adgangen bør være begrenset og forbeholdt situasjoner med alvorlige samvittighetskonflikter knyttet til liv og død. Ved den nærmere utforming av reservasjonsordningen må hensynet til pasientene veie tungt....»

«Legenes samvittighetsfrihet må avveies mot retten til lovbestemte helsetjenester.

.. Fastlegen skal ikke kunne reservere seg mot å motta epikrise fra sykehuset etter at abortinngrepet er utført eller mot å følge kvinnen opp etter inngrepet. Kvinner som eventuelt ikke ønsker å forholde seg til legen som har reservert seg i etterkant av inngrepet, kan velge å bytte fastlege.»

Departementet meiner at fastlegar skal ikkje ha ein rett til å reservera seg, men eit høve til- «en mulighet»- dersom omsynet til pasientane vert ivareteke.

Gjennomføring i praksis, konsekvensar i små kommunar:

Tal fastlegar som ønskjer reservasjon er lite på landsbasis, dette er kartlagt nokså godt. Talet tilvisingar til abortinngrep for ein fastlege per år er lite, det er ikkje ein omfattande del av fastlegen sitt arbeid. Pasientar får rett til eit ekstra fastlegebytte dersom deira fastlege nyttar seg av reservasjon mot abortsaker. Abortsøkjande kvinne skal ha rett til å få time hjå ein fastlege i nærleiken seinast neste virkedag, eller ho kan kontakta sjukehuset direkte.

Departementet pålegg plikter for fastlegen som vil reservera seg:

- Informera og inngå avtale med kommunen
- Inngå skriftleg avtale med kollega som kan ivareta den abortsøkande
- Senda brev om reservasjon som informasjon til listepasientane sine
- Ikkje ta betaling for ein konsultasjon som viser seg å handla om abort og som vert avbroten

Pliktene for kommunen:

- Ha oversikt over fastlegar som reserverer seg
- Ta opp temaet ved tilsetjing av nye legar
- Syta for å ha skriftleg avtale med reservasjonslege og senda kopi av denne til Fylkesmannen

Andre instansar som har ei rolle i spørsmålet:

- HELFO skal syta for at informasjon om lege som reserverer seg ligg tilgjengeleg på nettsida «MinFastlege» og er tilgjengeleg på fastlegetelefonen
- Administrera skifte av fastlege for dei som ikkje ønskjer å stå på liste hjå lege som har reservert seg, og syta for at pasienten framleis har rett til 2 bytte av fastlege same år

Korleis vil dette ha innverknad for pasientane i ein liten kommune generelt og i Ulvik/ Granvin/ Eidfjord spesielt? Kommunen har eit «syte-for-ansvar» for helsetenester til alle innbyggjarane. Det er (og har vore sidan fastlegeordninga vart innført) høve til å velja fastlege utanom eigen kommune, jf Fastlegeforskrifta §2 4.ledd. Dep skriv: *«De har rett til å skifte til en fastlege som ikke har reservert seg og som har kontor i nærheten av legen som har reservert seg. Hva som menes med "i nærheten" må vurderes konkret ut i fra blant annet de geografiske forholdene og tilbud om kollektiv transport. Det skal ikke innebære urimelig ulempe å måtte reise til den andre fastlegen i forhold til pasientens opprinnelige fastlege.»*

Pasientar får rett til eit ekstra bytte av fastlege (i tillegg til dei eksisterande 2 gongar per år) dersom bytet er på grunn av at fastlegen reserverer seg mot aborttilvisingar. Vi har alt etablert eit tett samarbeid mellom dei tre kommunane, og i høve denne saka er det ein føremun at innbyggjarane har fleire legar tilgjengelege. I dei tre kommunane er det ingen legar som har signalisert at dei vil reservera seg. Kommuneoverlegen har på 26 år i Ulvik opplevd 1 turnuslege som reserverte seg mot å handtera abortsøknad og som på ein smidig måte ba kollega om å overta pasienten. Ein vurderer det som liten risiko for at kommunehelsetenesta får tilsett lege som ønskjer å reservera seg, og i alle fall heilt utopisk å tenkja at fleire vil gjera det. Med ei legegruppe i dei tre kommunane på 6 fastlegar og 2 turnuslegar, kan ein fint handtera situasjonen om ein av desse skulle reservera seg mot abortsaker.

Kva vil Departementet ha svar på? Dei stiller ingen spesifikke spørsmål i høyringsnotatet. Kommunen bør uttala seg om:

- 1) Om ein er samd i framlegget til forskriftsending, dvs at det prinsippielt skal vera høve til reservasjon mot abortsaker for ein fastlege
- 2) Om kommunen har innvendingar og endringsframlegg til tenkt gjennomføring

I det første punktet ligg det som kjent mykje politisk sprengstoff, og frontane har vore harde og debatten ført med store ord. Her må politikarane ta stilling til realiteten i framlegget på fritt grunnlag. Spørsmålet handlar om etiske vurderingar og prinsipp, og på same tid er det spørsmål om det er mogeleg å gjennomføra i praksis.

Det andre punktet: Det problematiske med framlegget frå departementet er at forskiftsendinga opnar for ein ulik praksis frå kommune til kommune.

...kommunene som vurderer ut fra lokale forhold om det er tilstrekkelig tilgang til fastleger til at en eller flere av fastlegene i kommunen kan reservere seg mot å henvise til abort uten at dette vil innebære en urimelig ulempe for kvinnene som blir berørt.

...kommunen inngår reservasjonsavtale og kan også seia opp denne dersom det ikkje er tilgang på legar som kan henvisa til abort..

Dette er ikkje haldbart, først og fremst av omsyn til pasientane. Det må difor verta klarare i forskriftsendringa kva som er lovgjevar sitt ansvar og kva som er kommunen sitt. Lovgjevar bestemmer at det skal vera høve til reservasjon,- og det må vera likt i alle landet sine kommunar. Kommunane må sjå til at det praktisk vert ordningar som ivaretek alle omsyn til pasientane. Dvs kommunen må ha oversikt over om nokon av fastlegane reserverer seg og informera om dette, jfr pliktene for kommunen og for fastlegen over.

Framlegg A:

Kommunestyret i (Eidfjord) støttar på visse vilkår framlegg til endring i Fastlegeforskriften som gjev lege høve til å reservera seg i abortsaker. Heradsstyret ser det som viktig å ivareta både prinsippet om lik rett til helsehjelp for alle og omsynet til ei yrkesgruppe (legar) sin samvitsfridom. Heradsstyret meiner framlegget legg opp til gode ordningar slik at begge omsyn er ivaretekne og at det også i små kommunar skal vera mogeleg å gi gode helsetenester til abortsøkjande kvinner jamvel om ein lege reserverer seg. Men det er problematisk med framlegget frå departementet at forskriftsendringa opnar for ein ulik praksis frå kommune til kommune. Det er ikkje haldbart, først og fremst av omsyn til pasientane. Det må difor verta klarare i forskriftsendringa kva som er lovgjevar sitt ansvar og kva som er kommunen sitt. Lovgjevar bestemmer at det skal vera høve til reservasjon,- og det må vera likt i alle landet sine kommunar. Kommunane må sjå til at det praktisk vert ordningar som ivaretek alle omsyn for innbyggjarane/ pasientane.

Framlegg B:

Kommunestyret i Eidfjord kommune støttar ikkje ei endring i Fastlegeforskriften som gjev lege høve til å reservera seg i abortsaker. Heradsstyret meiner prinsippet om lik rett til helsehjelp for alle må vega tyngre enn omsynet til ei yrkesgruppe sin samvitsfridom og at ei reservasjonsordning vil gi abortsøkjande kvinner ei urimeleg ulempe /tilleggsbelastning.